

NR. 3 - 4

MARS/APRIL 1981

14. ÅRG.



GOD PÅSKE

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10 – 11.30
Torsdag kl. 17.30 – 19.00
Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.
Kontortid: Tysdag 17.00 – 18.00 og fredag 09.00 – 10.00.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna
Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle,
Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.
Bladpengar: kr 25.
Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff nr. 5, 1. april, nr. 6 10. mai. Prioritert blad

Takk til Olav Hesjedal

Olav Hesjedal har gjort klokkarteneste i Arna kyrkje etter at diakklokkaren slutta. Han har gjort eit godt og trufast arbeid. Når han no ber seg fritaken frå denne oppgåva på grunn av andre gjermål, vil vi takke han for vel utført arbeid.

Nyordning av klokkartenesta

Det har vist seg vanskeleg å finne nokon som kan ta på seg å vere klokkar ved alle gudstenestene i Arna kyrkje. Soknerådet har difor vendt seg til nokre personar og spurt dei om å dele på denne tenesta og vi har fått fire til å ta det på seg. Tenesta vert no delt mellom

Nils Minde, Målfrid Sandvik, Magne Mestad og Haldor Romslo. Vi ynskjer dei signing over denne tenesta i kyrkjelyden.

Nytt om kyrkjelydshuset

Plannemnda for nytt kyrkjelydshus i Arna har no tatt kontakt med arkitekt som skal kome med utkast til utforming av det nye kyrkjelydshuset. Dei trur det ikkje skal ta så lang tid før dei kan legge fram eit ferdig utkast.

Plannemnda har og vendt seg til soknerådet og bedt om at det vert oppnemnt ei PR- og økonomi-nemnd for bygget. Desse har sagt seg villige til å vere med i denne nemnda: Ruth Hesjedal, Gunnar Ødegård, Klara Stephansen, Johannes Hesjedal, Klara Fure, Erling Osland og Arthur Strøm-men.

Kva meining har påske for deg?

Ski - sol - snø, — dette er stikkord som dekkjer mange sine tankar om påske. Brunfarge og glitrande snø på solfylte fjellvidder er mange sitt fremste ynskje for påskeferien. Men er det alt?


Påske er kyrkja si største høgtid i året. Det kan me også lett sjå av at det er så mange helgedagar. Nesten 1/3 av evangelia fortel om påskehøgtida. Hendingane på nokre dagar har fått så stor plass og det viser kor viktig dei såg det som hende.

Det er noko som har svært mykje å seia for menneske i dag.

Me vil lata nokre i kyrkjelyden koma til orde med korte svar på spørsmålet: Kva meining har påske for deg?

KNUT VESETVIK

— At det var for meg Jesus døydde og at han stod opp tredje dagen. Det er ein fantastisk bodskap som alle burde ta imot.



ODDBJØRN HOPE

— Eg tykkjer at påska er den største høgtida vi feirer, avdi vi då minnst Jesu soningsverk for våre synder. Det er difor viktig at dette vert hovudinnhaldet i påskefeiringa vår.



For mange er påska ikkje noko anna enn skiferie på fjellet. Eg ser sjølsagt ikkje noko gale i å gå på ski i påska, men dette må aldri vera den eigentlege meininga med påskefeiringa.



JANNIK FAUGSTAD

— Jesus gjorde det som var umogeleg for oss, då Han sona vår synd og forlikte oss med Gud.

«Men la kors og død og smerte, rope i mitt hjerte hva min frelse kostet har».

Påske vert ei helg der eg føler særleg grunn til takk for det verk han gjorde.

Det undrar meg berre at så få ser ut til å ta imot denne gáva som Han så gjerne vil gje til alle.

Påskefestveke i Arna

Påska - med krossen og den tomme grava, er kyrkja sin store sigersfest. Påskebodskapen om at «Kristus er oppstaden» skal igjen lyde i ord og tonar i våre kyrkjer. For å markere påkehøgtida sterkare, vil vi i år innby til særskilde arrangement i Ytre og Indre Arna. PALMESØNDAG kl. 18.00 er det Pasjonskonsert i Ytre Arna kyrkje. Ei forsterka gruppe frå Arna kyrkjekor med solistar og kammerensemble framfører ein Back-kantate og Konsert i D-dur av Georg Phillip Telemann for trompet og orkester, under leiing av Paul Leithaug. Solist er Dagfinn Garnes Johnsen. Samme dag kl. 19.30 får vi oppleve programmet i Indre Arna med samme utøvarar. Res.kap. Sundsbø deltek på begge arrangementa. SKIRTORS DAG kl. 19.30 samlast vi til ein liten orgelkonsert i Arna kyrkje. Vår eigen organist framfører musikk av 5 ulike tyske komponistar. Det blir andakt ved Åse Taule og kvelden blir avslutta med orgelimprovisasjon over eit oppgitt tema. Publikum kan levera forslag til tema ved inngangen. Vi får så høyra organisten improvisera ein fullt ferdig komposisjon over fleire av desse tema.

«KRIST STOD OPP AV DØDE!» er sett som tittel på arrangementet 2. PÅSKEDAG kl. 18.00 i Arna kyrkje. Medverkande: Peder Leithaug, tenor, Helga Leithaug, diktlesing, Arnakyrkjias Messingensemble og ei korggruppe under leiing av Paul Leithaug. Programmet blir bunde saman av kjende og kjære påskesalmar og -songar, og det blir rikeleg høve for kyrkje-lyden til å delta med song. Vel møtt til Påskefest-samlingane.

Pasjon

*Du svikter aldri, Herre Krist,
du svikter ei.
Selv når ditt svar på all min bønn
var nei og atter nei.
For når jeg skalv i uro,
angst og nød,
da kom du med din fred,
kjøpt i din død.
Ja, det var godt i nattens spente gru
å se ditt kors: Å brystet åndet ut:
Det var jo du,
som en gang gråt og svedet
angstens sved,
og det var du som ba om skånsel,
da du led.*

*Ja, Herre Jesus, det var du
som ble forrådt,
med torner kronet, narrekledd
og blodig slått.
Og da de naglet deg til korset,
skammens tre,
da var du bare avmaket, kval
og ynk å se.*

*Da spottet de og ropte: Frelser,
frels deg selv!
Forlat ditt kors, krev hjelp fra
dette svarte himmelbøvel.
Men da, i denne mørkefyrstens
avgrunnsdype natt
var du, Guds egen Sønn,
av Gud forlatt.
Ja, når mitt spente, pinte sinn,
ser deg i nattens nød,
da svinner angsten for den fred
du kjøpte i din død.
Da vet jeg at der er en Gud
og at han er min Far,
om han er skjult, så er han nær
og jeg skal få hans svar.*

*Du Herre, er det sikre pant.
Du er det klare bud
fra ham som ingen her kan se:
Den lysomspente skjulte Gud.
Deg ser vi Herre, og jeg vet:
Ved slutten av min vei
når dette hjertets uro dør —
da skal jeg møte deg.*

Ronald Fangen,
(i fengsel, Møllersgt. 19, i des. 1940).

Studietilbud fra navigatørene



Gerd og Per Arne Gulstad

I desember i fjor arrangerte Navigatørene et lederseminar i Biskopshavn kirke. Fra Arna menighet var det med 7 deltakere. Vi har hatt en prat med 2 av dem, Gerd og Per Arne Gulstad, og vi spurte hva seminaret gikk ut på.

— Lederseminaret gjaldt Navigatørenes 2.7 serie som er en kursserie som er beregnet til bruk i menighetene. Formålet er å hjelpe den enkelte til å ha et rikt og meningsfylt liv med Kristus, og til å bli utrustet til å tjene ham bedre).

— 2.7 er en underlig benevnelse på et kurs, kan dere forklare hva det står for?

— Tittelen er hentet fra Bibelen i Kol. 2.7 hvor det står: «Vær rotfestet i Ham, stå fast i troen etter at dere har lært, rike på takk til Gud».

— Kan dere fortelle noe av det dere lærte?

— Vi gjennomgikk hovedinn-

holdet i de to første kursene i 2.7 serien. Det ble gitt innføring i emnene bibelmemorering, bibelstudie, andaktsstund og vitnetjeneste. Som dere forstår konsentrerte vi oss om den praktiske delen av kristenlivet. Før seminaret fikk vi tilsendt materiell og oppgaver som vi måtte arbeide med hjemme. Noe av dette ble gjennomgått av ledere og noe arbeidet vi med i grupper. Vi fikk praktisk trening i å lytte til hverandre og rettlede hverandre.

— Dette høres temmelig omfattende og krevende ut. Hvem var det som stod for ledelsen av dette?


— Foredragsholderne var Dagfinn Sæther, leder for Navigatørene i Norge, og Ole-Magnus Olavsrud fra Bergen. De var meget inspirerende og la det alvorlige stoffet fram på en lett og humoristisk måte. Vi fikk oss mang en god latter.

— Har dere tenkt å bruke kunnskapene dere fikk på seminaret til noe?

— Vi håper å komme i gang med det første kurset til høsten her i Arna. Vi synest dette er et godt tilbud for dem som vil lære mer om det å være en kristen. Studieopplegget er beregnet på grupper fra 10-12 deltakere og går over 10 gruppemøter. Det er utarbeidet et svært bra studiemateriell til disse kursene.

— Så dere angrer ikke på at dere spanderte en week-end på dette?

— Nei, vi hadde personlig et rikt utbytte av det og håper å lære enda mer når vi får gå gjennom kurset sammen med andre i en gruppe.



EIT GODT RÅD

- «Kva var det presten snakka om i dag, då?»

- «Jau, han fortalde om... ja, kva var det no?» Han tala om... ja., det var noko om lys, men eg hugsar ikkje akkurat kva det var».

- Kanskje me kjenner oss att nokon kvar av oss. Vi går til gudsteneste og bedehus og høyrer ordet forkynt både godt og rett. Men så er det ikkje så lett å hugse det ein har lært og bere det med seg.

Kan vi gjera noko med dette? Her er eit råd: Ta Bibelen eller Det Nye Testamentet med til kyrkje, bedehus eller andre stader der det vert forkynt. Slå opp bibelstader som vert nemnde, og noter gjerne på ein lapp bibeltilvisningar og det viktigaste som vert sagt. Ved sida av at ein då vil fylgja betre med, vil ein og ha noko konkret å ta med seg heim att. Kanskje ein då seinare på dagen kan setja seg i stilla for seg sjølv og ta fram det ein har notert og tenke meir over det. Men uansett om ein tek det fram att eller ikkje, vil ein få meir ut av forkyninga. Eg talar av eigen erfaring.

A.B. Frøyen.

Bibelgruppe i Seimsmark/Garnes- området:

Vi samlast kvar måndag kl. 19.30. Folk i alle aldrar er velkomne til å vera med. Kontakt ein av desse: Inger og Bjarne Andreassen tlf. 24 05 65. Anne Brit Frøyen tlf. 24 05 36. Turid Vie Øvre Seimsmark 29

RENHET

Smerte, den stilner.

Gråt, - et barn.

*Et ansikt med smertens
avtagende skjær, med lykkens
tiltagende stråler.*

En mor, et barn.

*En brud kledd i hvitt,
renhetens kappe.*

*Hvor kommer den fullkomne
renhet fra?*

Let i en mors ansikt,

i en bruds hvite kappe.

*Du faller til jorden, du faller som
død om du den fullkomne så.*

*Har du møtt øyne som ser inn
i ditt hjerte, din sjel?*

Øyne som avspeiler alt uten

synd. Du knuses.

*Men et under du læges - du løftes
opp.*

To hender gjennomstunget.

Et hjerte brister.

Din sjel finner kjærligheten.

Sylvi Sæle.

Skriftemål

Etter oppmoding frå nokon i kyrkjelyden er det tillyst skriftemål skirtorsdag kl. 10.30 i begge kyrkjene. Det er då tale om det alminnelege skriftemål (i motsetnad til det private). Skriftemålet var mykje i bruk før, og då måtte alle gå til skriftemål for å gå til nattverd. Det vart for mange ein tvang og gjorde at diverre også skriftemålet vart misbrukt. Seinare har det vorte slik at misbruken gjorde at det kom or bruk.

Framhald s. 8

Ein liten prat om Arna Ten Sing



Kvar torsdag kl. 18.45 samlast ein del unge i Arna kyrkje til korøving. Frisk ungdommeleg song lydte medan vi var innom og hadde ein liten samtale med dirigenten, Kjerstin Fjelltveit.

- Kor mange er med i Ten Sing no?

- Ja, det er ca. 40 medlemmer, og dei er flinke til å møta fram. Men det er plass for fleire. Dei som er med er frå 8. kl. og oppover.

- Kva vil de med Ten Sing?

- Vi vil gjerne gje dei som er interesserte eit tilbod om å vera med i eit kristent miljø der kristen song er hovudsaka. På kvar øving har vi andakt og pause der ein kan snakka saman og verta kjend. El-

les har vi trim om laurdagane, og vi er med på ungdomsgudstenester og i andre samanhengar. I vår skal vi på week-end to gonger til Skotnes og Tysnes. Då er vi også med og opptrer dei stadene vi er.

Vanskar og gleder i arbeidet?

- Vi saknar stort ein vaksenleiar som kan ta ansvaret for den åndelege sida ved arbeidet. Elles gler det meg at vi har ein trufast flokk og at vi opplever at nye vert kristne gjennom arbeidet.

- Ynskje vidare? - At folk ikkje må verta sure når dei ser slagverket, men kunna sjå positivt på arbeidet om det er litt annleis enn det som er vanleg. - Og med det ynskjer vi dei lukke til i arbeidet vidare.

Konfirmasjon på Trengereid

I vår skal det vera konfirmasjon på Trengereid for første gong. Tidlegare år har ein hatt samtalegudsteneste her, medan ein har reist til kyrkja i Arna konfirmasjonsdagen. Vi kjem no til å ha «overhøyring» og konfirmasjon i same gudstenesta.

**Konfirmantar i Trengereid kapell
26. april 1981 kl. 11.00.**

Ludvig André Arnesen

Ketil Rune Bjørnberg
Vidar Kleiveland
Geir Romslo
Sigbjørn Songstad
Frode Trengereid
Jan Ove Vedaa
Bjørn Arthur Øijord

Rigmor Herland
Inger Minde
Nina Rolfsvåg
Merete Tunestveit
Monica Veivle
Anne Solveig Øijord

Familieside

DØYPTJE

Arna sokn:

- 8/2: Ingrid Øksnes, Linn
Therese Loftaas,
Elisabeth Knudsen.
22/2: Maria Midttun, Kai Even
Nordbustad, Kenneth
Moen, Hugo Borge.
25/2: Cato Mjelde, Ronny
Kjellesvik, Hanne Beth
Borge, Ann-Kristin
Fjellanger.
1/3: Stig André Haukeland,
Thor-André Kjellby,
Janne Åsheim.

Ytre Arna sokn:

- 15/2: Veronica Lie, døypt i
Samnanger.
1/3: Trine Skadal.
8/3: Rannveig Sundsbø.

VIGDE

Arna sokn:

- 7/2: Gro Garlid og Tor Egil
Kvamsdal.
Ytre Arna sokn:
7/2: Jonny Alfred Ekanger og
Linda Gundersen.

DØDE

Arna sokn:

- 3/2: Petra Nilsen f. 1893
7/2: Johannes Nesse f. 1903
11/2: Signy Solberg f. 1916
14/2: Astrid Faugstad f. 1906
22/2: Mathilde Havre f. 1900
25/2: Inga Gjerde Lundtangen f.
1904

Ytre Arna sokn:

- 30/1: Edith Otterstad f. 1927
27/2: Astrid Rolland f. 1905

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

- 1/2: Kyrkjelyds-
arbeidet kr. 1082
15/2: Bibelmisjonen kr. 3877
22/2: Kristenfolkets
Edruskapsråd kr. 903
1/3: Santalmisjonen kr. 2903
8/3: Kyrkjelyds-
arbeidet kr. 724

TRENGEREID

- 15/2: Bibelmisjonen kr. 406

YTRE ARNA


- 15/2: Bibelmisjonen kr. 1425
22/2: Santalmisjonen kr. 2374
8/3: Kyrkjelyds-
arbeidet kr. 574

Frå side 6

No har det kome i bruk att fleire stader, og det er ei hjelp til vita at syndene er tilgjevne. Skriftemålet kan gje nytt frimod i truslivet.

Skriftemålet går føre seg slik at ein opnar med å syngja ein samle. Deretter leier presten ei felles syndsvedkjønning og så kjem alle som er med fram til altaret og kvar får tilsagt syndsforlating slik: «Etter vår Herre Kristi ord og føresegn tilseier eg deg nådig forlating for alle dine synder, i namnet åt Faderen og Sonen og den Heilage Ande». Vi ynskjer velkomne til skriftemål skirtorsdag!

Presten
har
ordet



Øyvind Øy.

Pengemas i kyrkja?

Vi får stundom høyre at det er for mykje pengemas i kyrkja. Folk seier at dei kan ikkje kome til kyrkje utan å ha pengebok med. Og eg skal medgi at det er ofte ofring i kyrkja, men er det for ofte?

Sokneråda får kvar haust ei lang rekke offersøknader og kan ikkje på langt nær imøtekomme alle. Men samstundes vil vi gjerne strekke oss så langt som råd er for å gje ei handsrekning til dei mange som så sårt treng vår hjelp. Resultatet vert at det ofte vert ofring tre søndagar i månaden.

Dersom vi skal tenkje på at dette er eit utidig mas om pengar, vil det alltid vere nokon som synest det er for ofte ofring. Vi må difor sjå det frå ei anna side om vi skal få eit rett forhold til det.

Guds ord viser oss at det å gje pengar er ein viktig del av vårt

kristne liv. Dersom du slår opp i 2. Kor. 9 i Det nye testamente og les vers 6-15, vil du sjå det. Difor er det og ein naturleg del av vår gudsteneste. Den nye ordninga for høgmesse reknar med at ofring høyrer med til alle gudstenester. Der ser vi og at dette leddet i gudstenesta er kalla «kyrkjelydens takkoffer». Vi gjer det i takk til Gud for all den velsigning vi får frå han. Løysing på spørsmålet kor ofte vi skal ha ofring i kyrkja, får vi ikkje ved sløyfe ofring ved ein del gudstenester, men ved å la ofring verta ein naturleg del av alle gudstenester. Vi har fått goder av Gud som vi skal forvalte og gjennom ofringa i kyrkja får vi hjelp til å forvalte dei rett.

Vi samlar no inn offer i benkane og denne innsamlingsmåten skulle gjere det enno lettare å la ofring verte ein naturleg del av alle gudstenester. Det er ingen tvang til å ofre. Dei som ikkje har høve til det, kan la vere. Men vi må hjelpe kvarandre til å sjå at ofring er ikkje pengemas, men kyrkjelyden sitt takkoffer.

Dobbeltnummer

Kyrkjelydsbladet kjem denne gongen som eit dobbeltnummer. Grunnen til det er at påske og konfirmasjon er så nær kvarandre i tid. Neste nummer kjem ut ca. 1. mai. Vi takkar også for alle innbetalningar av kontingenten, men skulle nokon ha mista postgiroblanketten, står adr. og postgiro/bankgiro på side 2 i bladet.

Årsfestane i kyrkjelydane

Kyrkjelydane i Arna og Ytre Arna hadde i februar 2 vellukka årsfestar. Det var fine samlingar og både Bedehuset i Arna og Kyrkjelydshuset i Ytre Arna var fylt til siste plass. Årsfestane var samstundes også soknemøte der sokneråda la fram sine årsmeldingar om arbeidet.



Litt av forsamlinga på kyrkjelydsfesten i Ytre Arna.

Kvart år arbeider prestane ut ein statistikk som viser ein del av arbeidet i kyrkjelydane, og me tek med ein del av denne statistikken for 1980.

	Arna	Ytre Arna
Ordinære gudstenester	58	27
Ekstraordinær gudst.	46	7
Fødde	103	40
Døypte	122	23
Konfirmerte	170	40
Vigde, kyrkjeleg vigsel	25	2
Vigde, borgarleg	7	2
Nattverdgjester	2313	458
Gravlagde	58	13
Innmelde i kyrkja	1	0
Utmelde av kyrkja	28	2
Ofringar i kyrkja	107 796,-	28 158,-

Talet på kyrkjelege handlingar i Ytre Arna er mindre enn vanleg sidan kyrkja var stengd 1.1.-15.6.

Konfirmantar frå det første konfirmantkullet biskop Hagesæther hadde i Arna. Dei stelte i stand til festen i Arna bedehus.



Lag ein song eller eit dikt...

Det var ei av oppgåvene ein del konfirmantar fekk å arbeida med i ein konfirmanttime. Dei var i kyrkja i Arna saman med gruppeleiarane sine.

Vi nemner nokre av stikkorda som skulle setja tankane i sving: Guds plan med jorda og menneska - Mennesket krigar, øydelegg jorda, har ikkje kjærleik - Klarar vi oss utan Gud? - Har vi ansvar?

Ei gruppe frå Garnes laga denne songen, som går på tonen til «Vi tar hverandres hender»:

*Gud Fader skapte jorden
og menneskene der.
Han ville leve blant oss,
i kjærlighet og fred.*

*Men menneskene kriger
og vandrer hver sin veg,
De ødelegger jorda,
og ansvar har de ei.*

*For vi kan ikke tilgi
foruten hjelp fra Gud.
Du kjærlighet må gi oss
som varer livet ut.*

Misjonærerarar frå Arna

Arna kyrkjelyd har mange misjonærer som er ute på misjonsmarkene. Klara Ulveseter har tatt initiativet til at det no vert gjeve ut ein foldar som fortel om dei misjo-

nærane som vi har ute. Dessutan skal foldaren vere ei oppfordring til å be konkret for misjonærene og familiene deira.

Kyrkjebladet vil seinare kome attende med presentasjon av misjonærene frå vår kyrkjelyd.

Kyrkjelydshelg i Arna 4. - 5. APRIL

Program: Lørdag kl. 17 - 19:

ÅPEN KORVERKSTAD. Indre Arna Bedehus. Kyrjekoret inviterer alle i kyrkjelyden til å vera med å øva inn nokre enkle fleirstemmige songar i eit stort felleskor. Felleskoret deltek ved song og musikk møtet i kyrkja søndag ettermiddag. Program for borna.

Lørdag kl. 19:
«KJYRKJEKVELDS» Indre Arna Bedehus.

Lørdag kl. 20:
VISEKVELD: Arna kyrkje. Unge Vaksne inviterer.

Søndag kl. 11:
Gudsteneste

Søndag kl. 16.30:
ÅPEN KORVERKSTAD Arna kyrkje.

Søndag kl. 18:
STORT SONG OG MUSIKKMØTE I ARNA KYRKJE. Betania Musikkor, Arna kyrkjekor, Felleskoret, Arnakyrkjens messingensemble, orgel. Andakt. Kollekt til kyrkje- musikkarbeidet i Arna.

Fastebøsser til alle heimar i Arna

Vatn og brød...



«Vatn og brød. er eit ståande uttrykk som seier noko om kosthaldet i norske fengsel før i tida. Den tida er forbi i vår del av verda! Men for millionar av menneske i den 3. verda ville fast tilgang på vatn og brød verta motteke med den aller største takk.

Vi lever i ei verd der nokon av oss er rike, medan dei fleste er fattige på så grunnleggjande ting som reint vatn og næringsrik kost. Men verda er ikkje meir delt enn at me er avhengige av kvarandre. Kaffien som me kvar dag drikk er produsert av bønder som har ei løn me på ingen måte ville har arbeidd for.

Som menneske har me eit ansvar for å hjelpa menneske som lid naud. Me skal også arbeida for ei meir rettferdig fordeling av ressursane i verda.

Ut frå dette vert me også i år innbedne til å ta del i aksjonen no i fastetida: «Brød for verda». Det er ei innsamling til det hjelpearbeidet Kirkens Nødhjelp driv mange stader i verda. Kirkens Nødhjelp er ein humanitær hjelpeorga-

nisasjon som gjennom katastrofeinnsats, flyktningearbeid og langsiktige utviklingsprosjekt gjev hjelp til einskildmenneske i den 3. verda. Dei er med på å føra hjelpa heilt fram til dei som treng hjelpa.


For det som vart samla inn i 1980 fekk 300.000 afgahnistanske flyktningar hjelp i Pakistan. Den hjelpa vil halda fram med det som vert samla inn i år. Sidan 1975 har ein ved ulike prosjekt med boring etter vatn, skaffa reint vatn til 3,5 mill. menneske i India, Sudan og Etiopia. Denne verksemda vert utvida i 1981. Ein arbeider også med veg- jord- og skogbruksprosjekt, helseprosjekt, skolebygging, husbygging m.v. i fleire land i Asia, Afrika og Latin-Amerika. For at hjelpe-arbeidet skal halda fram, trengs også di hjelp.

I Arna har me i år utvida fasteaksjonen slik at alle husstandane skal ha fått ei fastebøsse i postkassen. I Ytre Arna er det konfirmanntane som har delt dei ut, i Arna er det diakonatet som har organisert utdelinga. Det er vår von at desse bøssene vert flittig brukt rundt om i heimane.

Innlevering av bøssene er heller ikkje noko problem. Dei kan leverast ved alle gudstenestene i kyrkjene og på prestekontora. Dessutan i Vestlandsbanken og Arna Sparebank i Ytre og Indre Arna, Smått og Stort A/S, Arnatveit og Flatabø Sko A/S, Espeland

Difor: bruk bøssene og lever dei ein av desse stadene helst før 30. april. Og skulle bøssa ha kome bort, kan du også levera ein penge-sum i t.d. ein konvolutt i staden.

Meiningar om bladet



Redaksjonsnemnda for kyrkjelydsbladet har vore i arbeid sidan i haust og har gitt ut seks nummer etter dei nye retningslinene sokneråda vedtok for bladet. Vi var no interesserte i å høyra korleis folk er fornøgde og tok kontakt med nokre personar og spurde kva dei syntes.

Stor sett er dei fleste godt fornøgde. Dei meiner at bladet skal vera eit meldingsblad for det som hender og har hendt i kyrkjelyden. Det er difor viktig at bladet kjem til rett tid og regelmessig.

Organisasjonar og lag bør vera flinkare til å avertere sine møter og festar og gjerne på ein bestemt plass i bladet slik at det er lett å finna.

Det er berre julenummeret som har hatt farge. Det var delte meiningar om bruk av farge. Nokre saknar den og andre meiner at det er greitt nok utan.

Ein vil gjerne ha meir biletstoff og minst ein god vits i kvart nummer. (red.nemnda tar med takk imot gode forslag). Bladet bør ikkje vera noko diskusjonsorgan når

det berre kjem ein gong i månaden. Men korte, friske innlegg bør det vera rom for. Så red.nemnda oppfordrar skrivelystne og folk som «brenn inne» med noko til å senda inn innlegg.

Vi set også pris på at folk som les bladet, gir oss idéar, ros og ris slik at vi kan få til eit så godt og tjenleg blad som råd er.

Siste innleveringsfrist for nr. 4 er 1. april og adressa er Kyrkjekontoret i Indre Arna, Borgstova, 5260 I. Arna.

Innleveringsfrist står trykt på side 2 elier på siste side i kvart blad.


GILDARE.....

Foreldra var vel nøgde då dottera kom heim og fortalde at ho hadde trulova seg med ein strålende kar. Men så fortalde ho at han var diabetikar, og det fekk dei til å lura litt. Hm — det hadde no vore gildare om han hadde høyrte til statskyrkja, sa faren.

Evangelisk aksjon i Ytre Arna

I tida 24.2.-1.3. var det møte i kyrkja kvar kveld. Det kom godt med folk til møta, og møta var til inspirasjon og fornying for kyrkjelyden. Utanom Martin Hallaraker som tala på alle møta, var også Arve og Anne-Hilde Garnes Reigstad med og song og leia felles-songen. Mange sette stor pris på både det talaren og songarane fekk formidla.

Aksjonskomitéen hadde gjort eit grundig arbeid på førehand. Ei tankevekkjande innbyding vart delt ut til alle heimane.



Anne Hilde Garnes
og Arve Reigstad

ARNATVEIT AUTO SENTER

J. B. Myklestad
5260 INDRE ARNA
Telefon 24 07 40 — Privat 22 69 01

Nominasjonsnemnder for soknerådsvalet

Til hausten er det val av nye sokneråd. På soknemøte i begge kyrkjelydane er det vald nominasjonsnemnder til å kome med framlegg til vallister.

Ytre Arna kyrkjelyd hadde soknemøte 1.2 og desse vart valde til nominasjonsnemnd: Arthur Askeland, Borghild Eikerol, Odd Bjarne Fylkesnes, Aud Gaupås, Laila Rakland, Anbjørg Stein, Harald Sundsbø, Sylvi Sæle, Maria Teigland og Knut Vesetvik.

Arna kyrkjelyd hadde soknemøte same dagen, og desse vart valde:

Erik Fjærtøft, Ingrid Hope, Jon Tesdal, Lars G. Taule, Ester Stavenes, Haldor Romslo, Borgny Knutsen, Einar Kristiansen, Gunnar Ødegård og Ove Skjoldal.

FOKUS REISER DUES ISRAELREISER



Vi har den glede å innby til Israel-tur 18.-30. april 1981. Tur/retur Flemland - Jerusalem kr. 6.210,-, overnattingar, guide, busstreiser irekna.

Reiseleiarar:
Olav Hesjedal og Harald Eide.

Nærare opplysning kan desse gje. Tlf. 23 26 52 og 23 26 49.

Innmelding til Fokus Reisebyrå, Boks 723, 4600 Kristiansand.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørjes oppsatt.

ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 115 år.

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss De også. Vi gir god service.

Kversøy Bilforretning

ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

*Velkommen
til kyrkje*



1. APRIL:

Arna kl. 19.30 v sokneprest Øy. *Fastegudsteneste*. Nattverd.
Takvam kapell kl. 19.30 v/res.kap. Sundsbø. *Fastegudsteneste*.

5. APRIL:

Arna kl. 11.00 sokneprest Øy. Nattverd. Barnevakt. Offer til Den Norske Israels-
misjon.

Arna kl. 18.00. Kyrkjekonsert.

Ytre Arna kl. 11.00 res. kap. Sundsbø. Barnevakt. Offer til Diakoniutvalet.

Ytre Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste. Res.kap. Sundsbø. Arna Ten Sing.

PALMESØNDAG 12. APRIL

Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø.

Arna kl. 19.30. Pasjonskonsert.

Ytre Arna kl. 18.00. Pasjonskonsert.

SKIRTORS DAG 16. APRIL:

Arna kl. 11.00 res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Arna kl. 10.30. Skriftemål.

Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd.

Ytre Arna kl. 10.30. Skriftemål.

Arna kl. 19.30. Orgelresitasjon v/org. Leithaug. Andakt.

Takvam kl. 16.30. Res.kap. Sundsbø.

Trengereid kl. 18.00 Sokneprest Øy. Nattverd.

LANGFREDAG 17. APRIL:

Arna kl. 11.00 sokneprest Øy.

Ytre Arna kl. 11.00 res.kap. Sundsbø.

1. PÅSKEDAG 19. APRIL:

Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Den Norske Sjø-
mannsmisjon.

Ytre Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Offer til Den Norske
Sjømannsmisjon.

Trengereid kl. 18.00. Sokneprest Øy.

2. PÅSKEDAG 20. APRIL:

Arna kl. 11.00 sokneprest Øy og Ingmar Ljones. Nattverd.

Arna kl. 18.00. «Krist stod opp av døde». Lovsongskveld.

26. APRIL:

Arna kl. 11.00 res.kap. Sundsbø. Kyrkjekaffi. Barnevakt. Offer til Misjonsrussen.

Arna kl. 19.00 Ungdomsgudsteneste. Sokneprest Øy og kateket M. Sandvik.
Konfirmantoverhøring.

Ytre Arna kl. 19.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmantoverhøring.

Trengereid kl. 11.00. Sokneprest Øy og kateket M. Sandvik. Konfirmasjon.